



Arkivsaknr: 2025/240-11
Sakshandsamar: Mari Emilie Pettersen
Hagenlund
Avdeling: Landbruk

SAKSFRAMLEGG

Saksframlegg - Revidert kommunal målsetting for hjort 2025-2030

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Alver kommune vedtar revidert kommunal målsetting for hjorteforvaltning for perioden 2025-2030, jf. vedlagte dokumentasjon og tilhørende vurderingar.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for areal, plan og miljø

Saka skal avgjerast i utval for areal, plan og miljø.

Saka gjeld

Denne saka gjeld vedtak om å ferdigstille revidert kommunal målsetting for hjorteforvaltning i Alver kommune for perioden 2025–2030, etter gjennomført høyringsrunde våren 2025.

Den nye målsettinga legg vekt på å balansere hjortebestanden i tråd med berekraftige prinsipp, betre integreringa av føre-var-prinsippet, redusere skadeomfanget på jord- og skogbruk, og ivareta økologisk mangfald. Målsettinga skal tilpassast lokale behov og prioriteringar, og ta omsyn til skadar i jordbruk og skogbruk, trafikktryggleik og naturmangfald. Dokumentet skal fungere som måldokument for kommunen og rettleiar for hjortevald og jaktrettshavarar.

Sakshistorikk

Den noverande kommunale målsetting for hjortevilt vart sendt på høyring med frist 24.05.2021 til alle hjortevald leiarar i Alver kommune, lokale bondelag, Nordhordland skogeigarlag, Nordhordland Jakt og Fiskelag og Nordhordland Naturvernforbund.

Det kom inn 10 uttalar frå relevante aktørar som hjortevaldsleiarar, bønder og naturvernforbund. Hovudvekta av innspela peika på auke i bestanden av hjort og ønske om bestandsreduksjon. Dette med omsyn til skadeomfang på grasproduksjonsareal, som vert opplevd som direkte trussel mot økonomisk drivverdig jordbruk og lokal utvikling i jordbruket samt omfattande beiteskadar i skogbruk. Flest uttaler vart motteke frå interessentar som var direkte økonomisk påverka av hjort i deira bedrift. Etter den kommunale målsettinga vart vedtatt vart det utført eit 3 års reduksjon- og demografisk forbetrande avskytingprosjekt.

Prosess

Kommunen er offentleg lokal myndigheit for forvaltning av hjort. Kommunen sine mål blir definert i opne prosessar og politiske vedtak og får med det samfunnslegitimitet. Måla blir sendt på høyring og avgjerast etter opne prosessar og innspel.

Handsaminga av Kommunal målsetting for hjort 2025-2030 – berekraftig forvaltning av hjort etter økologiske prinsipp i Alver kommune vart gjort 05.02.2025 i Utval for areal, plan og miljø. Framlegget vart samrøystes vedteke. Jamført fungerande kommunale målsetting for hjort ble saka presentert for Landbruksfagleg råd 31.03.2025. Rådet hadde ikkje endringar eller merknad til saka.

Målsettinga vart sendt på høyring den 21.02.2025 med frist for innspel 04.04.2025 til alle hjortevald i Alver kommune, Vestlands Fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Naturvernforbundet i Hordaland, Vestland bondelag, Nordhordland skogeigarlag, Nordhordland jakt og fiskelag, relevante skogbruks aktørar og lokale jordbruksfaglag. Høyringa vart varsla på kommunens heimeside og på nettavisa til Avis Nordhordland.

Som beskrive over har landbrukskontoret i arbeidet med måla ivaretatt omsynet til intern og ekstern høyring. Høyringsinnspel og fagetatens kommentarar til disse er presentert i Merknadsskjema – Kommunal målsetting for hjort 2025-2030 – Berekraftig forvaltning av hjort etter økologiske prinsipp i Alver kommune - Høyringsinnspel med kommentarar.

Saksopplysningar

Syner til tidlegare saksframlegg 2025/240-2 for opplysningar om innhald i måldokumentet.

Det kom inn ni skriftlege innspel frå ulike aktørar, inkludert Vestland Fylkeskommune, hjortevald, grunneigarlag, enkeltpersonar og organisasjonar som Nordhordland Skogeigarlag. Innspela peikar på eit mangfald av erfaringar, men fleire gjennomgåande tema går att.

I tillegg er det henta inn ein fagleg vurdering av måldokumentet frå Norsk Hjortesenter.

I fleire innspel er det ein del kommentarar og spørsmål som i mindre grad er relevant for sjølve måldokumentet, men som vil bli tatt i betraktning i planlegging av kommande sesongs uttak. Fleire instansar gjer full støtte til målsettinga, slik som Nordhordland skogeigarlag, Vestland Fylkeskommune og Norsk hjortesenter. I 4 av høyringsinnspela er det vald/ grunneigarar som tar opp at det stadig er utfordringar i den lokale forvaltning av hjort ved

tilpassing av hjortepopulasjonen sin storleik grunna uakseptable skadar i landbruket. Likeins er det diskusjon om justering av minsteareala for Alver kommune på lengre sikt.

Det er også ytra bekymring for vanskeleg samarbeid med kommunen frå Lindås Vest hjortevald, Lindås hjortevald og Myking Hundvin grunneigarlag. Kommunen har hatt første samroingsmøte med valda 22.01.25 og planlegg nytt møte innan løyvetildeling 15.juni.

Overordna vurderingar av planen som heilskap i høyringa

Myking og Hundvin Grunneigarlag:

- Myking og Hundvin Grunneigarlag har i eit omfattande høyringsinnspel kome med brei og fleirsidig kritikk mot den kommunale målsettinga for hjorteviltforvaltning 2025–2030.
- Basert på dette er det deira klare meining at høyringsutkastet må trekkjast attende og utsetjast til 2026.
- Dei ynskjer at planarbeidet må gjennomgåast på nytt og utførast i tråd med intensjonane i «*Forskrift om forvaltning av hjortevilt*».

Vestland fylkeskommune (VLFK, regional forvaltningsmynde):

- Fylkeskommunen har fleire roller innan hjorteviltforvaltninga, men særleg vert rolla som kompetansemiljø og rettleiar for kommunar og rettshavarar framheva.
- I si oppsummering av høyringsinnspelet vurderer Vestland fylkeskommune målsettinga slik:
 - *«Vi meiner planen i sin heilskap er viltfagleg sterk, og slik sett vil kunne legge eit godt grunnlag for ei hjorteforvaltning basert på økologiske prinsipp. Dette til gode for ei positiv utvikling i bestandskondisjonen og med ein passande stammestorleik sett i forhold til både økologisk og økonomisk bereevne.»*

Norsk Hjortesenter (Nasjonalt kompetansesenter for hjort):

- Konklusjonen frå Norsk Hjortesenter si faglege gjennomgang av framlegget til Alver kommune si kommunale målsetting for hjort 2025–2030 er:
 - *«Dette er eit solid, fagleg dokument som vil bidra til at hjorteforvaltninga og hjortestammen i Alver vil få ei positiv utvikling til det beste for både samfunn og hjorten sjølv i åra framover. Forvaltningsmåla vil også vere i samsvar med ny viltressurslov som er venta å verte vedteken i juni 2025. Denne lova vektlegg i større grad dyrevelferd som eit viktig premiss for forvaltninga av jaktbart vilt enn gjeldande viltlov. Forvaltningsmåla er også i tråd med utkastet til ny nasjonal strategi for hjorteviltforvaltning som skal ut på høyring i 2025.»*
- Norsk Hjortesenter tilrår difor at dei føreslegne måla for Alver kommune vert vedtekne, og dei forventar at måla vil finne støtte hjå både grunneigarar og jegerar i kommunen.

Vurdering av innspel knytt til kvalitetsnormer

Norsk Hjortesenter påpeiker at Alver kommune er den første kommunen i Noreg som har utarbeidd eit forslag til kvalitetsnorm for hjorteforvaltninga. Arbeidet er gjennomført i forkant av, men i tråd med, nasjonale føringar, og Alver kan med dette verte ein føregangskommune innan forvaltning av hjortevilt.

I utkastet til ny nasjonal strategi for hjorteviltforvaltning, som skal ut på høyring i 2025, er visjonen for det komande tiåret å oppnå robuste bestandar, med særleg fokus på dyrevelferd og helsetilstand i hjorteviltbestandane. Eit av tiltaka for å nå denne visjonen er å *«utarbeide ein rettleiar (kvalitetsnorm) for kommunar og grunneigarar med omsyn til kva som kjenneteiknar ein robust bestand»*.

Lindås Vest hjortevald:

- Støttar kvalitetsnormer som eit utgangspunkt for meir disiplinert jegerseleksjon.
- Påpeikar praktiske utfordringar med implementering, særleg med omsyn til jakt i tett skog og ved dårleg/manglande lysforhold.
- Ynskjer at vurderinga av individ i større grad baserast på eit heilheitsinntrykk.

Myking og Hundvin Grunneigarlag (MHG):

- Meiner at kvalitetsnormene representerer ei sterk detaljstyring frå kommunen si side, og at dette ikkje er i samsvar med dei retningslinjene som gjeld for bestandsplanområda.
- Gjer merksam på at planen kan opplevast som straffande dersom avvik frå normene oppstår.
- Etterlyser ei tydeleggjering av kva referansar og statistisk grunnlag kvalitetsnormene byggjer på.
- Meiner vidare at matrisetilrådingane for prosentvis uttaksfordeling av hjort er svært detaljerte og teoretiske i høve til ønskt avskytingsprofil.

Vestland fylkeskommune (VLFK):

- Vurderer at kvalitetsnormene for uttak og bestand etter jakt, med måleindikatorar som vekt, produksjonsratar (kalv/kolle), kjønns- og aldersforhold (kolle/bukk og spissbukk/bukk) samt uttaksindeksar, er utarbeidde på ein god fagleg måte.
- Peikar på at desse prinsippa vil vere føremålstenlege for å oppnå kvalitetsforbetring i hjortestamma og ei berekraftig forvaltning etter økologiske prinsipp.

Norsk Hjortesenter:

- Vurderer kvalitetsnormen i Alver sitt måldokument som eit viktig pedagogisk verktøy for å fremje god dialog mellom forvaltning, jegerar og grunneigarar.
- Nemner at ein med desse normene vil kunne forvalte hjortestammen på ein dynamisk måte over tid, med mål om å oppnå ein økologisk robust bestand.

- Framhevar at tilrådingane, utforma i tabellform, er i samsvar med biologiske og økologiske prinsipp og vil bidra til betra bestandskvalitet på sikt.
- Peikar på behovet for auka jegerkompetanse, særleg knytt til evna til å skilje mellom ulike aldersklassar, men krava er ikkje større enn ein skal forvente av ein jeger i 2025.
- Viser til nasjonale erfaringar, særleg frå Sogndal og Kinn kommunar, der endringar i jaktpraksis har medført positiv bestandsutvikling.

Administrasjonen i Alver kommune:

- Står fast ved integreringa av kvalitetsnormer og selektive avskytingsprinsipp for hanndyr, som formulert i utkastet til målsetting.
- Ser kvalitetsnormene som eit viktig tiltak for å formidle kunnskap om berekraftig forvaltning etter økologiske prinsipp.
- Presiserer at normene ikkje utgjer eit krav til valda, men at avgjerd om innføring vert delegert til dei enkelte vald.
- Understrekar jaktrettshavarane og valdane sitt ansvar for å bidra til måloppnåing, med særleg vekt på selektiv jaktutøving.
- Kommunen vil i 2025 utarbeide og publisere ein rettleiar med beskrivingar av kroppskjenneteikn og fysisk utvikling for hjortebukk.

Dokumentasjon av skade på innmark:

- Kommunen vurderer at erfaringane frå «*beitebur-prosjektet*» i Sunnfjord kan vere relevante i arbeidet med dokumentasjon og kvantifisering av beiteskadar på innmark

Administrasjonen ser ingen juridisk, administrativ eller kunnskapsmessig orsak til å utsette den kommunale målsettinga. Dette blir også støtta opp av Vestland Fylkeskommune og Norsk Hjortesenter som vurderer planen som fagleg sterk og pedagogisk god.

Behov

Vurderingsgrunnlag

- Lov om jakt og fangst av vilt (Viltlova): «*Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares. Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv*».
- Lov om forvaltning av naturens mangfald (Naturmangfaldsloven): «*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur*»
- Naturmangfaldsloven kapittel II. Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk: «*Det følger av naturmangfoldloven § 7 at de miljørettslige prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet. De miljørettslige prinsippene omfatter kunnskapsgrunnlaget (§ 8), føre-var-prinsippet (§9), prinsippet om økosystemtilnærming og samlet belastning (§ 10), prinsippet om at kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver (§ 11) og prinsippet om miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder (§ 12)*».
- Lov om skogbruk (Skoglova): «*Denne lova har til formål å fremme ei bærekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske*

mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen». «§9 Der beiting av hjortevilt fører til vesentlege skadar på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge skog etter § 6 i denne lova, skal kommunen som viltorgan vurdere om det er behov for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert».

- **Lov om jord (Jordlova):** *«Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter».*
- **Dyrevelferdsloven:** *«Forvaltning av dyr skal skje med respekt for dyret sin eigenart. Dyrevelferd er m.a. å sjå på moglegheita hjorten har til å utøve artsspesifikk, naturleg åtferd og utfolde det biologiske potensialet sitt. Når dyrevelferd skal vurderast for ei gruppe dyr, må det rettast spesiell merksemd mot «taparane», dei individa som kjem dårlegast ut».*
- **Naturavtalen – Kunming Montreal:**
 1. *«AREALFORVALTNING MED NATUREN I SENTRUM - Alle arealer skal forvaltes på en måte som sikrer naturen, og at områder som har stor betydning for naturmangfold, ikke går tapt.*
 2. *30 PROSENT RESTAURERING - Minst 30 prosent av ødelagte og skadede naturområder skal være under restaurering.*
 3. *30 PROSENT VERN OG BEVARING - Minst 30 prosent av alle land- og havområder skal bevares og beskyttes mot skadelig påvirkning fra menneskelig aktivitet. Områdene som vernes, skal dekke alle naturtyper, og de skal henge godt sammen. I slike områder skal kun aktivitet som er i overensstemmelse med verneformålet, være tillatt.*
 4. *STANS I UTRYDDELSE AV ARTER - Forhindre at mennesker utrydder arter, og la truede arter bygge seg opp igjen til livskraftige nivåer. Sikre genetisk mangfold innen bestander. Forhindre konflikter mellom mennesker og ville dyr, og sikre sameksistens.*
 5. *HØSTING OG BRUK AV VILLE ARTER - Sikre at bruk, høsting og handel med ville arter er bærekraftig, trygt og lovlig for å motvirke overhøsting, minimere konsekvenser for andre arter og annen natur, og redusere sykdomsspredning».*
- **Forskrift om hjortevilt:** *«Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser».*
- **Kommuneplanens samfunnsdel:** *«Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap og friluftsområde. Vi skal ta vare på biologisk mangfald, og ha eit sterkt jordvern, og aktivt forvalte verdifulle område», «Alver kommune skal leggje til rette for eit aktivt skogbruk».*
- **Melding om Kystskogbruket 2022:** Kystskogbruket er eit samarbeid mellom fylkeskommunane, statsforvalterne og skog- og trenæringa i kystfylka frå Agder til Finnmark som skal løyse ut potensialet i skog- og trenæringa langs kysten. Her nemnast at skog- og trenæringa er sentral i alle samanhengar der tiltak for betre klima og berekraft drøftast for å levere på FN's berekraftsmål. Kystskogbruket er ein avgjerande bidragsytar for å oppnå berekraftsmåla og det grøne skiftet. Målsettinga i meldinga er blant anna Klimabidrag og skogproduksjon og har som mål å bidra til å redusere ungskoghogst, plante klimaskog på gjengroingsareal, auke skogplanting etter hogst, auke skogproduksjon, redusere avskoging og styrke skog og trenæringas posisjon i klimadebatten.
- **Klima i endring – Saman for et klimarobust samfunn, Meld. ST 26 (2022-2023).** *«Det finnes flere skogskjøtselstiltak som gjør skogen mer robust i møte med klimaendringene og forebygger*

skogskader. Klimaendringene gjør det blant annet nødvendig å vurdere å skifte treslag, eller etablere blandingsskog på steder der dagens treslag viser tegn til at de ikke er tilpasset klimaet eller der eksisterende skog trues av klimarelaterte skogskader».

- Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket, Meld. St. 11 (2023–2024) «Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer i Noreg».

I tillegg må nemnast noverande/komande nasjonale føringar:

Naturmeldinga - Handlingsplan for naturmangfald – Meld. ST 35 (2023-2024)

Berekraftig bruk og bevaring av natur – handlingsplan for naturmangfald.

Retning for Norges arbeid med naturforvaltning og naturmangfald i langsiktig perspektiv. Skal sikre berekraftig forvaltning av naturmangfald. Kommunane er nøkkelfaktorar. Fokus er å auke innsatsen for naturrestaurering for å oppnå betre tilstand i økosystema. Regjeringa legg til rette for ein forbetra økologisk tilstand i skogbruket innan 2050. Indikasjon for retning imot betre økologisk tilstand i produktiv skog relatert til Alver kommune er: auke lauvtreinnblanding i barskog, auke innslag av edellauvtrær, auke mengde ROS artar, auke areal med biologisk gamal skog, auke mengde død ved, auke areal av fleirsjikt, fleiraldra skog, auke blåbærdekning, auke av areal og ivaretaking av økologisk funksjon i kantsoner ved hogst, samt hindre utrydding og betre utvikling for trua artar og naturtypar (nøkkelbiotop).

Avskogingsforordninga 2023/1115 (EUDR) skal bidra til å minimere EUs globale bidrag til avskoging og skogforringing, og redusere EUs bidrag til klimagassutslipp og tap av biologisk mangfald globalt.

LULUCF-forordninga (Land Use, Land-Use Change and Forestry (EU) 2018/841). Den forsterka LULUCF-forordninga fastsett eit mål om å auke det samla nettoopptaket i skog- og arealbrukssektoren i EU til 310 millionar tonn CO₂-ekvivalenter innan 2030.

Vurdering

Kommunen vurderer at fleire av innspela inneheld nyttige forslag som styrker måldokumentet og understøttar ei meir adaptiv og heilskapleg forvaltning. Det vert lagt til grunn at lokale data frå jakt, observasjonar, og skadar skal nyttast som kunnskapsgrunnlag.

Administrasjonen vurderer at det er brei semje om behovet for ei berekraftig og kunnskapsbasert forvaltning. Det er samstundes store geografiske og driftsmessige variasjonar i kommunen, noko som krev differensiert forvaltning. Fleire høyringspartar, som Lindås Vest Hortevald og Myking & Hundvin Grunneigarlag, har peika på svak eigarinvolvering i tidlegare prosessar.

Det påpeikast her at Alver kommune har nytta standard medverkingsprosessar for kommunale planar, likeins med førre planperiode og endring av forskrift av minsteareal,

med brei moglegheit for berørde interessentar til å involvere seg og sende inn deira høyringsinnspel.

Vestland Fylkeskommune skrev ein grundig vurdering av medverkningsprosessen i deira innspel:

«Lokal forankring og medverknad: I høve til prosessen med nytt kommunalt måldokument for hjorteforvaltninga i Alver kommune, syner vi til høyringsbrevet dagsett 21.02.2025. Her kjem det fram at Alver kommune har laga framlegg til kommunalt måldokument som i tillegg til å leggast ut på eigen heimeside, er sendt på høyring til alle valda i kommunen, lokale bondelag, lokale skogeigarlag, Vestland bondelag, AT – skog, Nordtømmer, Naturvernforbundet i Hordaland, jakt og fiskelag, lokallag av sau og geit, Statsforvaltaren i vestland og Vestland fylkeskommune. Etter høyringsrunda skal administrasjonen ta stilling til innspela før framlegget vert lagt fram for politisk handsaming i løpet av mai 2025. Vi vurderer arbeidsprosessen med det kommunale måldokumentet samt relevante interessentar sitt høve til å medverke i den, som god og med dette eit godt utgangspunkt for god lokal forankring av dei kommunale måla».

Det er notert bekymring for praktiske utfordringar med identifisering av hanndyr under jakt. Norsk hjortesenter påpeiker at kvalitetsnormane og uttaksfordelingstabellen er eit godt pedagogisk verktøy for dette, og at slik kunnskap er påkravd i 2025 men krava er ikkje større enn ein skal forvente av ein jeger.

Kommunen vil presentere ein rettleiar med beskriving av kroppskjenneteken/ fysisk utvikling for hjortebukk i 2025.

Påkøyrslar av hjort skal følgjast opp med både bestandsjustering og førebyggjande tiltak der det er mest trafikkfarleg.

Når det gjeld jordbruk og skogbruk, dokumenterer både spørjeundersøking og lokale observasjonar store variasjonar i beiteskadar. Fleire grunneigarar, som på bruk 493/4–6, peikar på positiv effekt av redusert bestand dei siste åra. Manger grunneigarlag melder derimot om for låg bestand.

Tabell 1. Endringar i måldokument etter høyring. Endringar er merkte i rødt i venstre kolonne og original tekst i fet skrift i høgre kolonne.

Måldokument etter høyring	Måldokument før høyring
Bestandsplanen tar for seg på kva måte eit vald eller bestandsplanområde vil forme og forvalte hjorteviltbestandane i sitt område og bør utarbeidast i medhald av kravspesifikasjon for bestandsplan. Bestandsplanar skal oppfylle den kommunale målsetting for hjort i Alver kommune.	Bestandsplanen tar for seg på kva måte eit vald eller bestandsplanområde vil forme og forvalte hjorteviltbestandane i sitt område og skal utarbeidast i medhald av kravspesifikasjon for bestandsplan. Bestandsplanar skal oppfylle den kommunale målsetting for hjort i Alver kommune.

Bestandsplanbasert hjorteforvaltning, 3. avsnitt: Dersom det oppstår avvik frå bestandsplanen, bør avviket med eventuell orsak beskrivast i ein rapport til kommunen. Vesentleg avvik i alders- og kjønnsamansetning av det totale uttaket i avskytingsplanen, samt avvik frå bestandsplanens forutsetningar kan føre til at kommunen trekk godkjenninga tilbake, eller eventuelt ikkje godkjenner ny bestandsplan. Med «vesentleg» meines her avvik større enn 10 % av den årlege fellingskvoten, som kommunen tillèt overført frå eit år til eit anna innanfor den anbefalte planperiode på tre år. Tildelinga av hanndyr til bestandsplanområda kan differensiere frå hjortevald med årleg tildeling.	Bestandsplanbasert hjorteforvaltning, 3. avsnitt: Dersom det oppstår avvik frå bestandsplanen, skal avviket med eventuell orsak beskrivast i ein rapport til kommunen. Vesentleg avvik i alders- og kjønnsamansetning av det totale uttaket i avskytingsplanen, samt avvik frå bestandsplanens forutsetningar kan føre til at kommunen trekk godkjenninga tilbake, eller eventuelt ikkje godkjenner ny bestandsplan. Med «vesentleg» meines her avvik større enn 10 % av den årlege fellingskvoten, som kommunen tillèt overført frå eit år til eit anna innanfor den maksimale planperiode på tre år. Tildelinga av hanndyr til bestandsplanområda kan differensiere frå hjortevald med årleg tildeling.
Kravspesifikasjon for bestandsplanar Bestandsplanane bør som minimum innehalde ein beskriving av følgande punkter: ▪ Beskriving av planområdet ▪ Planperiode bestandsplanen gjeld for ▪ Organisering av valdet/bestandsplanområdet ▪ Grunnlags- og bestandsdata for valdet/bestandsplanområdet ▪ Evaluering av føregåande planperiode ▪ Målsettingar ▪ Handlingar ▪ Avskytingsplan og reaksjonsbestemmingar ▪ Interne regler for handtering av feilskyting/ avvik på meir enn 10%	Kravspesifikasjon for bestandsplanar Bestandsplanane skal minimum innehalde ein beskriving av følgande punkter: ▪ Beskriving av planområdet ▪ Planperiode bestandsplanen gjeld for ▪ Organisering av valdet/bestandsplanområdet ▪ Grunnlags- og bestandsdata for valdet/bestandsplanområdet ▪ Evaluering av føregåande planperiode ▪ Målsettingar ▪ Handlingar ▪ Avskytingsplan og reaksjonsbestemmingar ▪ Interne regler for handtering av feilskyting/ avvik på meir enn 10%

av den årlege kvote på jaktfelt/ valdnivå i bestandsplanområda. I tillegg bør bestandsplanane også innehalde ein beskriving av beiteskadeproblematikk, eventuelle verneområde og omfang av viltpåkøyrslar innanfor planområdet og på kva måte utfordringar knytt til dette skal tas omsyn til i planperioden.	av den årlege kvote på jaktfelt/ valdnivå i bestandsplanområda. I tillegg skal bestandsplanane også innehalde ein beskriving av beiteskadeproblematikk, eventuelle verneområde og omfang av viltpåkøyrslar innanfor planområdet og på kva måte utfordringar knytt til dette skal tas omsyn til i planperioden.
--	---

Administrasjonen meiner dei foreslåtte endringane er så minimale at det ikkje gjer grunnlag for ny høyring.

Alternativ

Alternativet er å behalde kommunal målsetting frå 2021 slik den er i dag. Den kommunale målsetting for hjort frå 2021 var spesifikt målretta for å iverksette ekstraordinære, kortsiktige tiltak for å redusere bestanden, og var såleis eit innleiande, overordna dokument med behov for dynamisk tilpassing. Denne målsettinga kan moglegvis syte for ein reduksjon av bestanden, men inneheld ingen konkrete mål som styrar kva nivå bestanden skal ligge på for å ha eit berekraftig jord-, og skogbruk i kommunen. Det er heller ikkje framlagt konkrete vurderingar i forhold til naturmangfaldlova, og dette bryt med prinsippa i lovverket. Eit av hovudmåla i den opprinnelege målsettinga var å samle inn nok data og kunnskap for å kvantifisere, og derav justere målsettinga fortløpande. Gjennom monitoring har no kommunen samla inn tilstrekkeleg data av god nok kvalitet til å berekraftig tilpasse bestandsstørrelsen til lokalt skadenivå på jord og skogbruk og derav naturmangfald som proxy.

Kommunedirektøren si tilråding

Målsettinga skal optimere berekraft i den lokale forvaltning av hjort ved tilpassing av hjortepopulasjonen sin storleik utifrå fastsette toleranseverdiar for skadar i landbruk og på natur samt ønskja utviklingsretning for disse.

Dei kommunale måla skal fungere som tydelege retningslinjer for jaktrettshavere som ønskjer å bidra i bestandsforvaltninga, og måla legg føringar for bestandsplanane utarbeida av jaktrettshavarane.

Kommunedirektøren vurderer at den nye målsettinga gjev ein balansert tilnærming til berekraftig forvaltning av hjort i kommunen. Tiltaka legg vekt på forbetra økologisk tilstand hos hjortebestanden, skogbruk, jordbruk, påkøyrslar og biologisk mangfald, og sikrar dermed ein meir berekraftig hjortebestand med lågare konfliktpotensial.

Kommunedirektøren tilrår at Alver kommune vedtek revidert kommunal målsetting for hjorteforvaltning 2025–2030, med følgjande justeringar/presiseringar etter høyring:

- Kvalitetsnormene vert oppretthaldne, men det skal lages ein rettleiar med beskriving av kroppskjenneteikn/ fysisk utvikling for hjortebukk i 2025.
- Kravspesifikasjon til utforming av bestandsplanar vert justert til anbefalingar.

Vedlegg

- 1 Tabell oppsummering innspill hjort 27.04.25
- 2 Måldokument_Revidert kommunal målsetting for hjort 2025-2030-24.04.25
- 3 Alver - kommunale hjortemål 2025-2030 (002)
- 4 Høyringsinnspel_Underskreve dokument viltforvaltning_Straume
- 5 Høyringsuttale om -Kommunal målsetting for hjort 2025-2030MHG
- 6 Høyringsuttale til kommunal målsetting for hjort i Alver kommune (2025-2030) VLFK
- 7 Innspel til høyring om hjort-Lindås hjortevald
- 8 Innspel til kommunal målsetting for hjort 2025-2030_Skibenes
- 9 Innspel til kommunal målsetting for hjort 2025-2030_Toft
- 10 Innspel til Kommunal plan for hjorteforvaltning Lindås Vest Hjortevald.docx
- 11 Innspill til kommunal målsetting for hjort 2025-2030_Eikefet
- 12 Innspill til kommunal målsetting for hjort 2025-2030-Manger grunneierlag
- 13 31.10.21 Fråsegn - Jakt og fangsttider 1. april 2022-31.mars 2028
- 14 Høyringsuttale sak nr. 21 . 418_Straume
- 15 Informasjon+om+hjort-+og+elgjakta+--+Lærdal+2021(360655) (2)
- 16 Innspel sak 157,21 05.11.21 Reint dokument før underskriving og scanning